

Revisjon av fylkesplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.

Fylkesrådmannen rår hovudutvala til å gje slik tilråding: Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Arbeidet med revisjon av Fylkesplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse vert starta opp.
- 2 Revidert plan 2010 – 2013 vert lagt fram for fylkestinget til endeleg vedtak i oktober 2009.

Prenta vedlegg:

1. Brev frå kulturavdelinga til kommunane, fylkesmannen, lag og organisasjonar om innspel til oppstart av planarbeidet, datert 14.05.2008.

Uprenta vedlegg:

- 1 Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse, vedteken av FT 13.12.2005, sak 039/05. Revidert handlingsprogram og langtidsprogram, vedteke av fylkestinget 11.12.2007, sak 053/07.
- 2 13 innkomne fråsegner
- 3 Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (Rettleiar frå kultur- og kyrkjedepartementet).

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Fylkeskommunen er gjennom plan- og bygningslova pålagt å syte for at det innanfor fylket sine område vert utført ei samanhengande planlegging. Fylkesplanlegginga skal samordne staten, fylkeskommunen og hovudtrekka i kommunane sine fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle verksemdar i fylket.

Kultur- og kyrkjedepartementet ønskjer at fylkeskommunen skal ha ei aktiv rolle i utforminga av idretts- og friluftspolitikken på regionalt nivå.

Frå departementet si side er det ønskeleg at planlegginga skjer i samsvar med reglane i plan- og bygningslova. Uansett planform er det viktig med ein planprosess som sikrar brei medverknad frå interessegruppene innanfor saksområda, som til dømes fylkesmannen, kommunane og relevante organisasjonar. For å sikre samhandling mellom fylkeskommunen og kommunane skal fylkeskommunen sin plan bygge på innspel frå vedtekne kommuneplanar.

Kultur- og kyrkjedepartementet har gjeve nye retningslinjer for innhaldet i fylkeskommunen sin plan for idrett og fysisk aktivitet. Desse krava er oppfylt i den planen vi har i dag.

Planen skal omfatte følgjande:

1. Politiske målsettingar innanfor området.
2. Målsetting for anleggsutbygging i fylket.
3. Resultatvurdering av tidlegare plan.
4. Registrere store anlegg (Fylkeskommunen definerer sjølv kva dei reknar for store anlegg).
5. Analyse av behov (5 – 10 år) for store nyanlegg og rehabilitering av eldre anlegg.
6. Prioritert handlingsprogram for utbygging av store anlegg og rehabilitering av eldre anlegg. Programmet skal innehalde budsjett med kostnader og finansieringsløyser.
7. Eit budsjettmessig oversyn som viser mogeleg fylkeskommunal medverknad knytt til drift og vedlikehald av anlegg.

Sogn og Fjordane utarbeidde den første Fylkesdelplanen for idrett i 1996. Gjeldande Fylkesdelplan går fram til 2009.

2. MÅL FOR PLANARBEIDET

Gjennom planarbeidet skal det trekkjast opp retningslinjer for tildeling av spelemidlar til idretts- og friluftslivsbygg i Sogn og fjordane. Fylkeskommunen fordeler årleg 20 – 25 millionar kroner av speleoverskotet til bygg i fylket. Anlegga vert utbygd i regi av kommunar, fylkeskommunen, idrettslag og andre organisasjonar. Alle bygg som skal kunne tildelast midlar, må vera prioriterte i vedtekne kommuneplanar.

Fylkesplanen er og eit viktig dokument for å gje innspel om fylkeskommunen sin politikk innanfor fagfelte ved utarbeiding av kommunale planar for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.

Gjennom planprosessen vil ein samordne og utvikle eit felles handlingsprogram for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Sogn og Fjordane. Det må og lagast eit handlingsprogram for folkehelsearbeidet.

Sentrale mål for friluftsliv- og folkehelsedelen i planen vil vera auka aktivitet og stimulering av kommunane si satsing på desse felt.

Eksterne innspel ein har fått til planarbeidet:

Kulturavdelinga har allereie starta opp planarbeidet. I brev til kommunane, fylkesmannen og organisasjonane, datert 20.05.2008, ber vi om innspel til deler av planarbeidet. Dette gjeld evaluering av gjeldande plan, kva typar anlegg som bør styrast av fylkesplanen og kva fylkeskommunen bør sette fokus på i kapitlet om innspel til kommuneplanane. Vi har til no motteke 13 fråsegner.

Kort oppsummert seier fråsegnene at vi bør sette fokus på følgjande i planprosessen:

- Eksisterande Fylkesdelplan er konkret og har gode mål og strategiar.
- Bygging av interkommunale anlegg
- Gratis/lågare halleige for born og unge under 19 år
- Drift og vedlikehald av anlegg
- Meir merking og rydding av turstiar/gamle driftevegar
- Universell utforming må synleggjerast betre i ny plan

Fylkeskommunale innspel til planprosessen

Fylkesrådmannen vil peike på at dei tema som er spelt inn, er sentrale og viktige å få drøfta og avklart i planprosessen. Fylkesrådmannen vil vidare særleg peike på følgjande tema som sentrale i planprosessen:

- Mål for halleige for born og unge under 19 år.
- Strategiar og tiltak for drift og vedlikehald av idretts- og friluftslivsanlegg.
- Avklare strategiar for interkommunalt samarbeid om anleggstypar som har for lite brukargrunnlag i ein kommune.
- Utvikling av gode nærmiljøanlegg er viktig for den fysiske aktiviteten for alle aldersgrupper, og gode og varierte uteanlegg i tilknytning til skulane er viktig for å gje gode lågterskel tilbod til alle.
- Stimulering av utbygging av turstiar/turvegar i sentrumsnære område.
- Sogn og Fjordane er eitt av få fylke som ikkje har friluftsråd, og planarbeidet bør avklare interessa for etablering av slike råd.
- Aktivitet for inaktive. Det er særleg viktig å etablere tilbod på dagtid, og gjennom planarbeidet kan det stimulerast til at alle kommunar på sikt etablerer tilbod som "Aktiv på dagtid/Frisklivssentralar", e.l.

3. ORGANISERING AV PLANARBEIDET

Prosjektorganisering:

Ved utarbeiding av tidlegare planar har planarbeidet vore organisert som eit prosjektarbeid med deltaking frå kulturavdelinga, regionalavdelinga og fylkesmannen. Sogn og Fjordane

idrettskrins og Forum for natur og friluftsliv har og delteke i gruppa. Denne organiseringa har fungert godt, og fylkesrådmannen ønskjer å organisere planarbeidet etter same modellen.

Prosjektgruppa står fritt til å trekkje inn andre instansar som t.d. Funksjonshemmedes fellesorganisasjon i fylket, Fylkesrådet for funksjonshemma og andre aktuelle brukargrupperrepresentantar i prosessen.

Styringsgruppe:

Planarbeidet vil omfatte ansvarsområdet for hovudutval for plan og næring og hovudutval for kultur. Vedtak om oppstart av planarbeidet, utlegging av høyringsutkast og tilråding til endeleg plan vil vere naturleg vert drøfta i begge desse utvala. Fylkesrådmannen vil likevel leggje til grunn at Hovudutval for kultur har funksjonen som politisk styringsgruppe for planarbeidet.

4. FORVALTNINGSREFORMA

I arbeidet med forvaltningsreforma er det peika på fleire ansvarsområde som er relevante inn i dette planarbeidet, og der fylkeskommunen vil kunne hevde nytt ansvar i planperioden. Dette gjeld både forvaltninga av sjølve spelemidlane, det gjeld friluftsliv og folkehelse, jf. m.a. Ot.prop. nr 10 (2008-2009). Det vil såleis vere særleg viktig å nytte planprosessen til å utforme ein tydeleg regional politikk for dette feltet.

Gjennom å nytte planprosessen til å definere eit regionalpolitisk handlingsrom på det aktuelle feltet, vil det også vere naturleg at det vert fokusert på evt krav/forventningar til staten som kan tydeleggjerast i plandokumentet.

5. FRAMDRIFTSPLAN

Fylkesrådmannen synes at eksisterande plan er eit godt styringsverktøy, og gjev eit godt utgangspunkt og grunnlag for den nye planen. Det må gjerast ein gjennomgang av eksisterande plan, og oppdatere tekst som vert tilpassa nye behovsvurderingar. Dette arbeidet er allereie oppstarta.

Planprogram:

Innspel til revisjon av fylkesplanen:	Brev om innspel sendt 20.05.2008
Frist for innspel:	01.09.2008
Gjennomgang og oppdatering av plan:	04.11.2008
Utskriving av ny tekstdel (utanom handlingsprogram):	20.11.2008
Møte med kommunar, lag organisasjonar:	27.11.2008
Justering av planframlegg, handsaming i HK/HPN	Januar 2009
Frist for innspel til handlingsprogram	Januar 2009
Utarbeiding av framlegg til handlingsprogram:	Januar/februar 2009
Møte med kommunar, lag og organisasjonar om handlingsprogrammet	Mars 2009
Handsaming i HK/HPN og FU.	
Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn	April 2009
Planen skal ligge ute i minst 30 dagar	Frist ca. 1. juni 2009
Bearbeide plan for endeleg vedtak	Juni/juli/august

HK/HPN og FU tilrår ny plan
Fylkestinget

september 2009
oktober 2009

Planprosess/medverknad:

Det er viktig å sikre medverknad i planprosessen. Det vert planlagt møte med kommunar, lag og organisasjonar hausten 2008 og våren 2009.

6. KONKLUSJON

Fylkesrådmannen tilrår at revisjon av fylkesplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse vert starta opp. Arbeidet vert organisert som eit prosjektarbeid, der kulturavdelinga har prosjektleiinga, og hovudutval for kultur er styringsgruppe.

Det vert oppretta ei prosjektgruppe med deltaking frå kulturavdelinga, regionalavdelinga, fylkesmannen, Sogn og Fjordane idrettskrins og FNF Sogn og Fjordane.

Prosjektgruppa står fritt til å knyte til seg andre aktuelle instansar i arbeidet.

[. Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)